

Oppsummering merknader – 2. høyring

Plannamn	Områdeplan for Raudbergvika
Plan-ID	202002
Saksnummer (Nordplan/kommune)	20215/
Utarbeidd av	Nordplan AS
Datert/revidert	19.10.23

Andre gongs høyring av områdeplan vart kunngjort i Storfjordnytt og Sunnmørsposten avis og på kommunen si heimeside. I tillegg er grunneigarar og offentlege etatar tilskrivne. Frist for uttale var sett til 07.07.23 . Det er mottatt 20 merknader. Hovudinnhald og vår vurdering av desse er oppsummert slik:

	Dato/avsendar	Oppsummert innspel	Nordplan sin kommentar
1	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, brev datert 30.06.23	<p>Samordning av statlege motsegner for Statsforvaltar, NVE, Mattilsynet og Mineralforvaltninga</p> <p>1) Det er ikkje gjort ei reell vurdering av alternativ areal for lokalisering av anlegget, jamfør forskrift om konsekvensutgreiing § 19.</p> <p>2) Prosjektet er i for stor konflikt med verdsarven Vestlandsk fjordlandskap, jf. T-2/16 punkt 3.9 og landskapsvernområde Geiranger-Herdalen punkt jf. T-2/16 punkt 3.6 og 3.9</p> <p>Prosjektet vil føre til betydeleg miljøskade på geologiske prosessar, geologisk mangfald og geotopar, og marint naturmangfald.</p>	<p>1) Dette er svart ut i revidert omtale pkt. 6.1.1.</p> <p>2) KUVA-rapporten beskriv dei <u>Geologiske prosessane</u> i kap. 5.3.4.</p> <p>Det er særleg Skrednakken og Smogedalen som er skildra som viktige geotopar. Ingen av desse områda vil bli råka eller påverka. Skrednakken har godt visuelt eksponerte aktive prosessar. Skredhendingar langs fjellsida gir innsyn i korleis berggrunnen sin samansetnad verkar inn på skred- og erosjonsprosessar. Dei mange elvenedskjeringane i område ved Raudbergvika er framheva har unik karakter, og desse blir i liten grad påverka av prosjektet. Jf. også svar i planomtale kap. 6 og pkt. 6.2.2.</p>

	<p>Ev. uttak av nye funn av peridotitt/olivin innanfor vernegrense og verdsarv vil kunne kome i konflikt med vern og verdsarv.</p> <p>Vurdering av <u>landskapsverknaden</u> er underkommunisert i forhold til 0-alternativet. Med ein lengre tidshorisont ville området revegetere og gå meir i eitt med landskapet som elles er urørt i Sunnlyvsfjorden. Bygningar og lyssetting vil endre område til eit industriområde.</p> <p><u>Samla konsekvens</u> er sett til noko miljøskade. Det er ikkje riktig å summere pluss og minus i konsekvensgrad og ende opp med samla konsekvensgrad «noko miljøskade» på verdsarv. Dersom det er vist betydeleg miljøskade på verdensarvverdien skal det ikkje kompenseres med positiv konsekvens for lokalsamfunn og samfunnsverknad</p> <p>Viser til uttale frå IUCN og miljødirektoratet som tilrår utarbeiding av ein <u>regional plan for verdsarvområde</u> for å avdekke toleevna til området. Statsforvaltar meier det er uheldig at planforslaget ikkje vert vurdert i ein overordna plan.</p> <p><u>Kilstivatnet/vassdrag</u> – motsegn pga. sannsynleg påverknad på grunnvatnet i influensområdet og mogleg senking av vasstand i Kilstivatnet og tilhøyrande nedbørsfelt. Mattilsynet uttaler at dette kan påverke leveringssikkerhet (fremtidig kapasitet). I tillegg kan råvannskvaliteten endre seg som en følge av endringer i vanntilsg og vannstand i Kilstivatnet. Det er krav om alternativ vasskjelde, på bakgrunn av potensiell påverknad.</p> <p><u>Forureining/utslepp</u> – motsegn fordi det er usikkerheit om korleis ein stor næringstilførsel kan påverke økosystemet i resipienten over lenger tid. Viser til usikkerheit om realisme i foreslått biokjemisk modell (Akvaplan Niva)</p> <p>Statsforvaltar uttaler at det er nokre teikn på eutrofiering (auka tilførsel av næringsstoff) i Storfjordsystemet. Vassutskifting i</p>	<p>Retninga på bergromma er også justert med grunnlag i utført kjerneboring. Det er forsøkt å unngå å råke mineralressursane. Jf. planomtale pkt. 6.5.1.</p> <p><u>Landskapsverknad</u> – Statsforvaltar tar utgangspunkt i at 0-situasjonen er revegetert areal, men området er vist som massetaksområde i kommunens arealdel og det er i gjeldande forvaltningsplan opna for utvida gruvedrift i fjellet. Jf. forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, Geirangerfjord punkt 4.9. Landarealet er halde utanfor verdsarvområde av den grunn, og med ei utvida drift ville området framleis vore prega av gruveverksemda. Jf. også planomtale kap. 6 punkt 6.3.1.</p> <p><u>Samla konsekvens</u> –Cowi har endra sin rapport i tråd med Statsforvaltars merknad.</p> <p>Vår vurdering er at målsetning må vere at verdsarvfjordane også skal vere levande lokalsamfunn. Etablering av nye arbeidsplassar er viktig for å oppretthalde busettinga i ein region der folketale er sterkt synkande. Utan levande lokalsamfunn blir vedlikehaldet av natur og kulturlandskapet svekka og kan kome til å gradvis falle bort. Det var neppe hensikta å konservere område den gongen ein arbeide for å få verdsarvstatus. Kommunane og fylkeskommunen har prosjekt på gang for å stimulere til etablering av nye arbeidsplassar, eit samarbeid med utbygger hadde soleis vore naturleg.</p> <p><u>Regional plan for verdsarvområde</u> – vil vere eit svært tidkrevjande planarbeid som truleg tar fleire år. Det er ingen planlagd oppstart av planarbeid så langt vi kjenner til.</p> <p><u>Kilstivatnet/vassdrag</u> – dette er svart ut i revidert planomtalen punkt 6.3.3. På bakgrunn av konklusjon som seier at Kilstivatnet ikkje vil bli drenert er ikkje alternativ vasskjelde vurdert.</p> <p><u>Forureining/utslepp</u> – dette er svart ut i revidert planomtale punkt 6.2.2.</p>
--	--	--

		<p>Geirangerfjorden er avhengig av tilstand og prosess i Storfjorden. Auka utslepp kan gi problem med å oppnå miljømålet god tilstand for Geirangerfjorden som har moderat økologisk tilstand i dag pga. tidvis lavt oksygenivå i botnvatnet.</p> <p><u>Massehandtering</u> – uttaket er eit stort arealinngrep i fjellet og vil i tillegg kunne representere eit stort terrenginngrep ved deponering. Ein må såleis vise til realistiske areal å gjere av massane. Motsegn då verknad for miljø og samfunn er ikkje tilstrekkeleg utgreidd.</p> <p>Mineralforvaltninga – stille spørsmål om det er betydelege driveverdige ressursar slik at prosjektet bør planleggast som gruvedrift , med påfølgjande oppdrett, for å sikre optimal ressursutnytting.</p> <p><u>Ros-analyse, val av tryggleiksklasse</u> – mangelfull vurdering av samfunnsmessige (inkludert miljømessige) og økonomiske konsekvensar. Dette kan påverke plassering i tryggleikeklasse S2.</p> <p>Manglar grunngrjeving for vurdering av bergrom som enkeltbygg, og ikkje som samla tiltak (oppdrettsanlegg i fjell). Usikkerheit omkring val av tryggleikeklasse for kaianlegg – S1 eller S2 tiltak.</p> <p>Manglar plassering av tryggleiksklasse for anleggsbrakke.</p> <p>Mangelfull avklaring m.o.t sikring av gassklokke.</p> <p>Uavklarte fundamenteringsforhold – usikkert om det kan påverke sikringstiltak med heving av terrenget.</p>	<p><u>Massehandtering</u> - for å kunne gjennomføre planen må utbygger ha avtale om deponering på lovleg mottaksområde. Kommunen skal føre kontroll med dette gjennom si behandling, og i tillegg kan statsforvaltar bli trekt inn gjennom behandlingskrav i forureiningslova. Ein risikere dermed ikkje ukontrollerbare og negative verknadar for miljø og samfunn. Risiko for at det kan ta tid med å få gjennomført prosjektet ligg på utbygger.</p> <p>Uttak av massane skal skje så raskt som råd for etablering av oppdrettsanlegget, og formålet med uttaket er ikkje for kommersiell drift. Det er søkt å unngå å råke mineralmassane, men i den grad det skjer er det eit vilkår at dei får berekraftig bruk. Jf. revidert planomtale punkt 6.5.1. og føresegner § 6.6.1.</p> <p><u>Ros-analyse, val av tryggleiksklasse</u> – det er utført ny vurdering av økonomisk konsekvens og samfunnverknad for kvart enkelt bygg. Jf. planomtale kap.6 punkt 6.4.1.</p> <p>Personsikkerheit er ivaretatt med varslingsrutine og beredskap generelt for området.</p> <p>Det er utført grunnboring i dagens sjøfylling i Raudbergvika og undersøking viser at det er ingen indikasjonar på at det ligg bløte marine avsetningar som leire med sprøbruddkarakter eller kvikkleire, i dei undersøkte posisjonane. Planområdet kan heller ikkje bli utsatt for rasmassar frå kvikkleireskred i høgare terreng, fordi terrenget frå strandkanten og opp til marin grense ovanfor planområdet ligg på samanhengande bart berg eller berg med ubetydeleg lausmasseoverdekning (NGU løsmassekart). Jf. revidert planomtale punkt 6.4.2.</p>
2	Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 03.07.23	<p>Uttaler; Det reelle nullalternativet i saka, er området slik det vil sjå ut, gitt dei føringane som er lagt for rehabilitering etter gruveverksemda. Nullalternativet er ikkje dagens situasjon, slik konsekvensutgreiingane legg til grunn.</p>	<p>Sjå kommentar under statsforvaltar m.o.t nullalternativet og massoverskot.</p>

	<p>Sluttar seg til merknader frå Statsforvaltarens krav om utgreiing av plassering av massoverskotet.</p> <p>Utgreiingane som no er gjort, avdekkar forhold som tidlegare ikkje var synleggjort, og medfører derfor nye innspel.</p> <p><u>Plandokument</u> - Planarbeidet er svært omfattande og komplisert, og dermed også krevjande å sette seg inn i som høyringspart.</p> <p>Tilrår omredigering slik at samla vurdering frå KU vert innarbeidd i planomtalen.</p> <p>Stille spørsmål ved bruken av områdeplan som plantype.</p> <p>Kommentar til kartutforming og bruk av temakart.</p> <p><u>Samfunns- og næringsutvikling</u> – er berre overfladisk skildra i KU-en (kap.7.4). Eit prosjekt av planlagt storleik, vil kunne gi vesentlege fordelar for verdiskaping og ikkje minst viktige arbeidsplassar i ein region som frå før er nokså sårbar. Anlegget vil krevje store investeringar, som også i byggefasen vil gagne lokale og regionale leverandørar. Under drift fører etableringa med seg nye kompetanse-arbeidsplassar og kan trekke til seg komplementær aktivitet til regionen, og legge til rette for større mangfald i arbeidsplassar og aktivitet gjennom heile året. Dette vil også styrke Møre og Romsdal sin posisjon som «sjømatfylket» og som produsent av laks.</p> <p><u>Samferdsel</u> – På bakgrunn av godkjent fråvikssøknad trekker vi motsegna knytt til frisiktsoner i krysset.</p> <p><u>Automatisk freda kulturminne</u> – FK uttaler at konsekvensutgreiingane har mangelfull informasjon om kulturmiljøet i Eidsdal. Ber om at ID frå Askeladden blir lagt inn og oppdatert</p>	<p><u>Plandokument</u> - Vi er samd i at planarbeidet er komplekst med mange problemstillingar og stort omfang av underlags rapportar.</p> <p>Planomtalen er vesentleg endra etter andre gongs høyring og imøtekjem delvis fylkeskommunens merknad.</p> <p>Bakgrunn for å velje områdeplan var både fordi planområdet har stor utstrekning, og fordi det kunne bli aktuelt med utbygging i samsvar med unntaksregelen. Ei anna medverkande årsak var også samarbeidsavtale med kommunen.</p> <p><u>Samfunns- og næringsutvikling</u> – Det ligg føre ei samfunnsøkonomisk analyse av prosjektet, utført av Menon. Den synleggjer lokale og nasjonale verdiskapingseffekt. I tillegg har kommunen bidratt med supplerande moment. Jf. revidert planomtale punkt 6.5.1.</p> <p><u>Samferdsel</u> – tatt til vitande.</p> <p><u>Automatisk freda kulturminne</u> –kart er oppdatert med geometri og ID frå Askeladden. Planen medfører tap av viktige kulturminne, men samstundes peikar både riksantikvaren og fylkeskommunen på at utgraving vil gi viktig informasjon som det er ønskeleg å avdekke.</p>
--	--	--

		<p>informasjon om funna som blei gjort. Det er i tabell på side 59 vist til at tiltaket vil gi ubetydeleg miljøskade for kulturmiljø og kulturminne. Gitt funna, og søknaden om frigiving, vil dette vere feil. Planen medfører tap av viktige kulturminne og verknadene er derfor betydelege.</p> <p>Området som skal undersøkast, må merkast som RpBo (bestemmingsområde) i plankartet. RpBO-området må omfatte geometrien til heile lokaliteten, også innanfor arealet som er regulert til veg. Dette er ikkje på plass no.</p> <p>Fylkeskommunen har motsegn til planen, og omfattande merknader knytt til verdsarv-status. Vi er kjende med at også Statsforvaltaren har omfattande merknader. Fylkeskommunen ser ikkje at det skal vere tenleg å behandle søknad om dispensasjon i medhald av kulturminnelova før andre forhold er nærare avklart.</p> <p><u>Nyare kulturminne</u> - Motsegn knytt til naustrekka er trekt.</p> <p><u>Verdsarv</u> - I Vestnorsk fjordlandskap som verdsarv, har fylkeskommunane eit førstelinjeansvar, og Klima og Miljødepartementet er statsparten for verdsarv.</p> <p>Fylkeskommunen legg stor vekt på omsynet til verdsarven, i tråd med regjeringa sin ambisjon om at dei norske verdsarvstadane skal vere fyrstærn for beste praksis i forvaltninga av natur og kulturarv. Beste praksis tilseier ei streng tolking av føre-var prinsippet i forvaltninga av verdsarv. Usikkerheit rundt verknader av eit tiltak skal tolkast som negativ verknad.</p> <p>Konsekvensutgreiingane viser vesentleg negativ innverknad på verdsarven. I tillegg er det manglande vurderingsgrunnlag for fleire tema som kan ha stor betydning for FUV. På denne bakgrunnen fremmer fylkeskommunen motsegn til planforslaget.</p>	<p><u>Nyare kulturminne</u> – tatt til vitande.</p> <p><u>Verdsarv</u> - er svart ut i revidert planomtale kap.6 punkt 6.3.</p>
--	--	--	---

Tiltaket føre til at Raudbergvika blir eit stort, permanent aktivt industriområde med auka båttrafikk. Dette meiner FK ikkje er i tråd med forvaltinga av landskap med verdiar av nasjonal og internasjonal klasse. I materialet som følger høyringane, er det gjort få visuelle analyser av verknadene for landskapet (døme på neste sider). Dette er ein mangel, som fører til at konsekvensane er underkommuniserte. Korleis vil til dømes anlegget vere å sjå på nært hald frå fjorden, på dagtid og kveldstid? Dette er ikkje svart ut. Jamfør elles merknader om nullalternativet.

Uvisse knytt til:

a) For tiltaket i Raudbergvika er det vurdert å vere størst uvisse knytt til vurderingane om korleis utsleppet frå anlegget kan/vil verke på fjordsystemet, og på Sunnlyvsfjorden særskilt.

b) Det er også uvisse knytt til konsekvensen innanfor nedslagsfeltet til Kilstivatnet. Der det er uvisse, skal føre-var-prinsippet leggjast til grunn. Vi viser også til merknader om vassforvaltning nedanfor.

c) Generelt er mange fenomen innan verdsarvområdet lite kartlagt, noko som i seg sjølv gir uvisse. Det blir mellom anna vurdert som sannsynleg at meir kartlegging ville ført til fleire funn av raudlista artar og naturtypar.

d) Bergmassar der fjellhallar og bergrom er planlagd etablert har soner med berg som kan vere asbesthaldig. Dette omfattar mellom anna bergarten Peridotitt. Handtering av bergmasse med naturleg innhald av asbest er ikkje vurdert i utgreiingsprosessen.

e) Peridotitt har også innhald av tungmetall som krom og nikkel. Krom er i hovudsak bunde i mineralet kromitt og nikkel er bunde i mineralet olivin. Det er knytt uvisse til utlekkingspotensialet for desse tungmetalla og dette temaet er omdiskutert.


Bygningsmassen i dagsona er redusert både i volum og høgde, samt bygg. Dermed er den visuelle verknaden dempa. Nye illustrasjonar er utarbeidd både for dag og nattsituasjon. Jf. revidert planomtale punkt 6.3.1. Aktiviteten på område vil neppe vere som ein typisk industriarbeidsplass med stor utandørs aktivitet.

Ein viss auke i båtaktivitet i fjorden må kunne akseptast. Historisk sett har hovuddelen av transport i område vore langs fjorden. Vi minner elles om at ytre del av Sunnlyvsfjorden ikkje er innlemma i landskapsvern eller verdsarvområdet.

a) Dette er svart ut i planomtalen pkt. 6.2.

b) Dette er svart ut i planomtalen pkt. 6.3.3.

c) Utbygginga skal skje på areal som allereie er bearbeida og vegetasjon er fjerna som følgje av gruvedrifta.



Punkt d), e) og f) er svart ut i planomtalen punkt 6.5.1.

		<p>f) Peridotitt, omdanna peridotitt og kontaktsonar mot gneis må kategoriserast som bergmasse med høg sprekkfrekvens. Oppsprekking fører til drenering av ferskvatn frå overflata og/eller grunnvatn i fjellet, og vil i tillegg til kostnadsdrivande tiltak i form av tetting og sikring av berg, også kunne føre til ureining frå ferskvatn til fjorden (i hovudsak i anleggsfasen). Bergmasse der tiltaket er planlagt etablert, har stadvis omfattande oppsprekking og vil permanent drenere grunnvatn og overflatevatn gjennom sprekkesoner og inn i bergromma (figur 3-6). Desse prosessane er ikkje moglege å reversere, og vil vere aktive under berguttak ved etablering av tiltaket, ved drift av tiltaket og etter at drifta er avslutta.</p> <p>Ut frå uvisse om langsiktige verknader for Kilstivatnet og for Storfjordssystemet samla, vil fylkeskommunen heimle motsegn også i regional plan for vassforvaltning.</p>	
3	Kystverket, brev av 05.07.23	Ingen merknad.	
4	Statens vegvesen, brev av 06.07.23	<p>Vi finn ikkje at det går heilt klart fram av planomtalen kor mykje tungtrafikk det kan vere snakk om på fylkesvegen. Den er etter vår meining ikkje særleg eigna for vesentleg auke i tungtrafikk, både på grunn av geometri og samansetning av ulike trafikantar på veggen.</p> <p>Vi er framleis bekymra for kva konsekvensane blir dersom det ikkje lenger er kostnadseffektivt å bruke sjøvegen til transport, og det blir ønskeleg å bruke landevegen i større grad</p>	<p>Det er vanskeleg å gi eksakte tal på omfang av tungtrafikk. Eit anslag i konsekvensutgreiinga er satt til 5 pr. dag, i form av varetransport.</p> <p>Hovudtyngda transport vil omfatte førleveranse og slakteklar fisk, via båt. Det er ei nasjonal satsing på sjøbasert transport, og det verker lite truleg at dette vil endre seg.</p>
5	Stranda kommune, vedtak planutvalet 03.07.23.	<p>1. Stranda kommune er samla sett positiv til områdereguleringsplanen.</p> <p>2. Merknader: a) Basert på erfaring med utslepp og forureining vil kommunen legge til grunn at nasjonalt regelverk og føringar for utslepp til fjordbassenget vert følgt. Ei god og tilstrekkeleg oppfølging frå Statsforvaltaren når det gjeld utslepp er heilt naudsynt.</p>	<p>2c) Dett blir ivaretatt ved statsforvaltars behandling av utsleppsløyve.</p> <p>Pkt. b og c – krav om oversending til uttale er lagt inn i føresegnene.</p>

		<p>b) Estetikk og fjerninntrykk må følgjast opp i konkrete byggesaker. Ber om at Stranda kommune får byggesak til uttale før godkjenning.</p> <p>c) Belysning utandørs skal vere dempa og diskret. Ber om at Stranda kommune får lyssettingsplan til uttale før godkjenning.</p>	
6	Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, brev av 30.06.23	<p>Verdsarvrådet er uroa for om konsekvensane skissert i konsekvensutgreiing verdsarv er så alvorlege at det kan føre til potensielle tap eller svekking av Vestnorsk fjordlandskap sine framstående universelle verdier (FUV), spesielt innan geologi og geologiske prosessar, som er grunnlaget for innskriving på Unesco si verdsarvliste.</p> <p>Det er peika på fleire forhold som kan ha ein negativ effekt på verdsarvstatusen.</p> <p>Det herskar også ei uvisse kring nokre av fagområda, som burde vore sterkare kartlagt eller belyst. Det er mellom anna peika på at det er store område i verdsarvfjordane som ikkje er kartlagt for verdier eller tilstanden på desse, eksempelvis dei marineområda innover Sunnlyvsfjorden og Geirangerfjorden.</p> <p>Kunnskapsgrunnlaget og -kartlegginga av verdsarv – verdiane må styrkast, slik at ein kan vere i betre stand til å vurdere risiko og ev. verditap/svekking av verdiane. Overvaking av verdiane er også viktig for å følgje utviklinga over tid.</p> <p>FUV/OUV inneheld tre komponentar (Operational Guidelines): Verdiar, integritet og vern/ forvaltning. Konsekvensutgreiing verdsarv konkluderer med at tiltaket i hovudsak fører til negativ påverknad på verdsarven Vestnorsk fjordlandskap. Vern og forvaltning er meint å sikre at verdier og integritet ikkje skal forringast eller svekkast frå det tidspunkt verdsarvområdet vart innskrevet. Verdiar og integritet (mål på heilskapen) skal oppretthaldast/ bevarast eller forbetrast/styrkast.</p>	<p>Vi viser til vurderingar under fylkeskommunen og statsforvaltar.</p> <p>Det er neppe høve til å krevje at utbyggjar skal kartlegge område langt utover tiltaket sitt influensområde.</p> <p>Ei styrking av kunnskapsgrunnlaget i verdsarvområdet kvilar på forvaltningsstyresmaktene.</p>

		<p>Verdsarvrådet ser at prosjektet har eit teknisk og økonomisk omfang og varigheit som gjer det sårbart for finansielle føresetnader og endring av desse. Det bør vurderast å stille krav om bankgaranti for eventuelle oppryddingskostnader i tilfelle konkurs eller opphøyr av verksemda.</p> <p>Alle tiltak som vert gjort i verdsarvområde, eller i randsona til verdsarven, må vurderast opp mot dei langsiktige måla om å ta vare på dei framifrå universelle verdiane området har. Tiltak som ikkje samsvarer med måla må heller ikkje bli akseptert. Verdsarvrådet kjenner på eit stort ansvar for å sikre ivaretaking av dei framstående universelle verdiane til Vestnorsk fjordlandskap.</p> <p>Forvaltningsansvaret for verdsarvområdet kviler på heile 6 kommunar, 2 fylkeskommunar, statsforvaltarane i dei to fylka, samt verneområdestyra i begge delområda i fellesskap. Trugsel mot FUV/OUV i eit delområde, får konsekvensar for heile Vestnorsk fjordlandskap. Tiltaket bør vurderast i samanheng med at det også er planlagt fleire andre store tiltak i og i nærleiken av verdsarvområdet, som kan påverke verdsarvverdiane. I IUCN sin rapport etter den rådgjevande synfaringa i 2022, er det anbefalt at det vert utarbeidd ei grundig strategisk miljøkonsekvensutgreiing av dei kumulative effektane på FUV for heile Vestnorsk fjordlandskap. Målet er å vurdere den samla effekten på verdsarvverdiane.</p>	<p>Det er ikkje høve til å stille krav i føresegnene til reguleringsplanen om bankgaranti for ev. opprydding dersom konkurs el opphøyr av verksemd.</p> <p>Ei slik utgreiing av strategisk miljøkonsekvensutgreiing av dei kumulative effektane på FUV for heile Vestnorsk fjordlandskap for å få fram samla effekt, vil ta lang tid både å organisere, finansiere og gjennomføre. Ingen har tatt initiativ til dette enno, så langt vi kjenner til.</p>
7	Verneområdestyret for Geiranger – Herdalen, fråsegn 2.gongs høyring	<p>Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde meiner at revidert plan for landbasert oppdrettsanlegg i Raudbergvika framleis kan utgjere ein trussel for verneverdiane i landskapsvernområdet.</p> <p>- Påvirkning av verneformål geologiske førekomstar og landskapsformer</p> <p>- Påvirkning av verneformål særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt plante- og dyreliv</p> <p>Etterlyser utfyllande kunnskapsgrunnlag.</p>	<p>M.o.t påverknad på geologiske førekomstar viser vi til planomtalen punkt 6.3.4.</p> <p><u>Biologisk mangfald</u> - Utbygginga skal skje på areal som allereie er bearbeida og vegetasjon er fjerna som følge av gruvedrifta. Marint biologisk mangfald blir i liten grad råka, utover stortarebelt lang sjøfylling. Jf. elles planomtale pkt. 6.2.1.</p>

Landskapsmangfald

Vedlagde illustrasjonar tar ikkje med dei nye sikringstiltaka med sju meter høge fanggjerde, utreinskinga av lausmassar i fjellsida og tre meter høge, 100 meter breie vollar på land. Plastring, utretting av strandlinja og fleire kaier burde og synleggjerast betre- i tillegg til anleggsaktivitet med lys, lukt og støy. Det nye «vassdraget», (tre gongar Valldøla i vårløysinga, jf Cowi) er også lite omtala som nytt landskapselement- både visuelt og som straum under sjøflata.

Cowi minner i sin rapport om oppryddingskrava som står att: fjerning av alle bygningar i Raudbergvika, tetting av inngangar, fjerning av veg og revegetering av fjellsida. Dette er det reelle 0-alternativet som må samanliknast med nytt tiltak.

Omsøkt anlegg i Raudbergvika vil endre inngrepsfri sone innanfor landskapsvernområdet slik det framstår i omtalen. Ytterlegare utviding av eksisterande anleggsområde i høgd, breidd og volum vil vere grunnlag for å innskrenke INON-sona i den nasjonale kartdatabasen. (INON-naturbase.no).

Landskapsvernområdet vil også få ei endra utsikt og inntrykk av «Landskapets art og karakter», som forvaltninga er sett til å ivareta. Landskapsbildet ved innsegling til området eller ved utsikt frå området vil bli påverka av lys, lyd, aktivitet og bygningar. Anlegget vil vere på 13.800 m³, bygningane opp til 40 meter, terrenghøgde er auka frå kote +6 til 7, seks båtanløp per dag, fleire kaier, bergnase skal sprengast, strandlinja rettast og fyllast ut. Lyssetting og lyd vil og stå for endringar med vidt influensområde. Anlegget vil vere større enn då den tidlegare olivindrifta i 2004 vart vurdert som uforeinleg med verneområdet sine verdiar, og skilt ut frå landskapsvernområdet. Av revidert områdeplan kjem det fram at området i Raudbergvika blir sett av få. Dette er inngangen til Sunnlyvsfjorden og hovudinnfallsporten til landskapsvernområdet (og verdsarven). Fleire

Landskapsmangfald

Det er utarbeidd nye illustrasjonar som tar med dei nye sikringstiltaka. Fanggjerder og nett vil vere transparente og i gråfargar som skal dempe det visuelle inntrykket. Vollane blir ein del av bygningsmassen. Reinsking av terrenget vil skje i område som alt er prega av gruedrifta.

Utslepp skal skje på 20 meters djupne. På denne djupna vil trykket vere 3 gongar høgare enn på land, og vil i stor grad presse vatnet nedover i djupet både som følgje av trykk og at vatnet er meir salthaldig. Straumforholda vil leie vatnet utover i fjorden. Det er derfor lite sannsynleg at utsleppet visuelt vil merkast på overflata. På djupet under sjøflata vil nok utsleppet framstå som ein straum.

I samband med avvikling av anlegget hadde Sibelco møte med grunneigarane 12-04.2019. I møtet kom det fram: *Grunneierne ønsker å kunne bruke arealet som er etablert til aktiviteter i framtida. Sibelco kommenterer at de vil forsøke å ta hensyn til fremtidig alternativ virksomhet i området.*

DMF stilte følgjande generelle krav til avslutning av uttaksområdet (DMF 2016 og DMF 2018):- *Området skal tilrettelegges for planlagt etterbruk. Dersom reguleringsplan for området inneholder konkrete krav for sikring og opprydding, må disse ivaretas i avslutningsplanen. Dersom det ikke foreligger planer for etterbruk, bør området tilbakeføres til en naturlig tilstand som er tilpasset omgivelsene.*

I og med det ikkje låg føre konkret etterbruksplan ved avslutningstidspunktet, blei område rydda og gruvegangar stengt i samsvar med føringane ovanfor. Avslutningsplan blei godkjend av Mineralforvaltninga, 20.09.2019.

I og med området i dag har bygningsmasse i form av anleggsbrakke, kaianlegg og tankanlegg så kan vi ikkje sjå at grensa for inngrepsfrie område blir påverka av tiltaket. Heller ikkje at omfanget av villmarksprega område blir redusert.

Bygningsmassen er betydeleg redusert både i volum, antall bygg og byggehøgder. Frå 11 500 m² til 3 300 m². Makshøgde for förlager og gassanlegg er 20 meter, og elles 8 meter. Krav til materialbruk og fargar vil og bidra til å dempe den visuelle verknaden.

Ein viss båtaktivitet i fjorden må kunne akseptast. Historisk sett har hovuddelen av transport i område vore langs fjorden. Vi minner elles om at ytre del av Sunnlyvsfjorden ikkje er innlemma i landskapsvern eller verdsarvområdet.

Det er forholdsvis stor avstand frå anlegget og til hovudleia der turistbåttrafikken går. Det visuelle inntrykket av anlegget blir underordna i forhold til det stor fjordlandskapet som opnar seg innover Sunnlyvsfjorden.

		<p>tusen gjestar om dagen bruker denne hovudferdselsåra inn i landskapsvernet.</p> <p><u>Drenering av vatn</u> Det går også fram frå rapporten at Kilstivatnet ikkje er på det mest sårbare ifht vasstand, og drikkevasskjelda er såleis relativt trygg gjennom desse tiltaka. Rapporten seier mindre om Verpedalsvatnet og terrenget rundt Kilstivatnet- som utgjer verdifulle delar av landskapsvern- området. Tilsigsområdet omfattar både viktige natur- og bruksområde, og ei svak uttørking vil kunne utgjere store endringar for økosystema her. Vi kan ikkje sjå at desse konsekvensane har vore utgreidde. Vatn, elver og fossar sin frie flyt er ein svært viktig del av det inngrepsfrie grunnlaget for Landskapsvernområdet, og skal ikkje påverkast verken på kort eller lang sikt. Vi saknar ei analyse av påvirkninga tiltaket vil utgjere på all vassføring innanfor landskapsvernet. Både Kilstivatnet og terrenget elles må få ein plan for korleis risikoen for lekkasje blir handtert. Grenseverdi for tålt lekkasje under landskapsvernområdet bør vere på null, og risikohandteringa må skildrast.</p> <p><u>Føre var prinsippet og samla belastning</u> Rapportane opererer her med ei ti års anleggstid, og skil oftast mellom anleggsperiode og permanent drift. For å kunne sjå på samla belastning, bør planen klargjere kva påvirkning som gjeld i den ti år lange anleggsfasen og kva som gjeld ved permanent drift. Planen legg opp til storstilt miljøovervaking, men skildrar ikkje korleis ei eventuell nedtrapping og stopp i anleggsfasen kan gjerast muleg.</p> <p>I tillegg må scenariet med nedlagt drift og reversibilitet utgreiast.</p>	<p><u>Drenering av vatn</u> – Hydrogeolog har vurdert dette slik, jf. punkt 6.3.3. i planomtalen: <i>«Overflatebekker er trolig ikke grunnvannsavhengige, men forventes å kun mates av avrenning på overflaten, grunnet bratt topografi. Det vurderes derfor lite sannsynlig at småbekker vil kunne forsvinne på grunn av tunnelanlegget.</i></p> <p><i>Grunnvannsnivå i fjell kan bli redusert av tunnelanlegget. Dette betyr ikke at Kilstivatnet (og Verpedalsvatnet) vil dreneres. Dersom det påtreffes store vannlekkasjer i tunnel, og det ikke gjøres tiltak, vil vannene kunne få lavere vannstand. Det er imidlertid satt et tetthetskrav i tunnel over den strekningen som vurderes å kunne påvirke vannene uten tiltak. Tetthetskravet har som hensikt å ivareta vannforekomstene og naturmiljø over tunnel, slik at vannene ikke påvirkes. Det finnes tekniske løsninger som stopper drenering av grunnvann, og de er velutviklet. Metodene har vært brukt i norske tunnelanlegg i årtier, og selv om det er eksempler på anlegg som har hatt sine utfordringer med vanntrykk, så er det unntakene, og en del av læringsprosessen som har ført oss frem dit vi er i dag. Dette i kombinasjon med god overvåking av innlekkasjemengder inn i tunnelen, vil sikre at kravene til innlekkasje holdes.»</i></p> <p><u>Føre var prinsippet og samla belastning</u> Ein reguleringsplan skal i utgangspunktet regulere dei fysiske omgjevnadane. Det er ikkje grunnlag for å gi føresegnar som direkte regulere aktivitet og verksemd, heller ikkje kven som skal gjennomføre planlagde tiltak eller nytte bygningar, anlegg og grunn. Dette er forhold som til vanleg skal fastsettast i konsesjonar eller løyver etter andre lover.</p> <p>Tiltaka som er planlagd krev løyve etter andre lover slik som forureiningslova og Akvakulturlova. Reguleringsplanprosessen er ikkje egna til å ta stilling til detaljane i desse spesifikke lovene. Begge lovene er forbodslover som forbyr forureining og akvakulturverksemd med mindre ein har eksplisitt løyve. Lovene stiller krav og vurderingstema for når løyver kan gis.</p>
8	Ungdomsrådet i Fjord kommune, vedtak 21.06.23	Ungdomsrådet er positiv til tiltaket og ønskjer anlegget velkomen. Når det gjeld badeplassen i Eidsdal som ikkje kan nyttast under anleggsperioden, meiner Fjord ungdomsråd at det er mulig å nytte badeplass i Norddal som	Ungdomsrådet råd til alternativ badeplass i anleggsfasen tas med i den videre prosessen.

		alternativ. Eldre ungdom nyttar også kaia som badeplass.	
9	Eldrerådet i Fjord kommune, vedtak 12.06.23	Fjord Eldreråd ser fram til at det åpnes for konsesjon for å skape arbeidsplassar i Fjord kommune under føresetnad at forureining blir innanfor grenseverdiene.	Krav til reinsing skal fastsetast av statsforvaltar i samband med søknad om utsleppsløyve, det vil vere ein føresetnad for drifta at ein held seg innanfor aktuelle verdiar.
10	Ytterdal Nye Vassverk, merknad datert 06.07.23	<p>Kilstivatnet er hoved-drikkevasskjelda til innbyggjarane i Eidsdal, frå Kilsti, Veiberg og ned i sentrum. Styret i Ytterdal Nye Vassverk SA krev at det blir oppretta ei reservevasskjelde som er like god og sikker som noverande løysing. Styret i Ytterdal Nye Vassverk SA må også bli tatt med i planane framover for å sikre ei god, trygg og fornuftig løysing.</p> <p>Innvendinga kjem på grunn av den framlagte konsekvensutgreiinga, der det kom fram stor usikkerheit knytt til evt. lekkasje, grunnforhold m.m i Kilstivatnet.</p> <p>Utbyggjar må ta vassprøver og lese av vasstand før, undervegs og etter endt byggeprosess. Dette skal gjerast både frå Kilstivatnet og reservevasskjelda og kostnadar knytt til dette skal dekkast av utbyggjar. Ved alle eventuelle hendingar som hindrar vassverket i å levere reinsa drikkevatt til kundane skal utbyggjar dekke alle utgifter og tapte inntekter for vassverket.</p>	Vi viser til vurdering ovanfor under punkt 7 og til planomtalen kap 6 punkt 6.3.3..
11	Ytterdal historiske naustlag, merknad av 07.07.23	<p>Det bør vurderes alternative tunneløp hvor for eksempel et sørlig løp med innslag i sørenden av Robbervika og som har innslag fremme ved Oggarden på Eidsdals-siden. En tunnel med dette løpet vil både være kortere (6 km) og billigere. Parkering kan vel etableres et sted på vei mellom fjorden og tunnelen dersom det etter byggeperioden likevel skal hovedsakelig være personbiler som trafikkerer veien. Oggarden er som kjent allerede benyttet som deponi for tunnelmasser fra driving av tunnel på Indreeide.</p> <p>Bredde på planlagt vei foreslås redusert til ett felt, og med hyppige møteplasser på passende steder mellom FV63 og tunnel.</p>	<p>Endring av tunneløp vil føre til ny/utvida og omfattande planprosess. Det er uaktuelt. Planarbeidet har alt pågått i 3-4 år.</p> <p>For å sikre tilstrekkeleg areal blir regulert vegareal behalde. Ved detaljprosjektering vil ein vurdere nærare om det kan vere grunnlag for redusert vegbreidde. Reguleringsplanen er ikkje til hinder for dette.</p>

		<p>Videre er det viktigere med avstand fra naust til vei enn grøfter på begge sider. God drenering i grunnen i hele området gjør at behov for grøfter på begge sider av vei bør vurderes nøye.</p> <p>Det er mange gående til camping, naust og badeplass og fiskeplasser. Hvor skal disse gå ? Det er tidligere spilt inn at gangsti kan opparbeides nedom naust. Men det er ikke hensyntatt at området trenger tilgang for gående, bla til badeplass.</p> <p>Det er ikke ønskelig med snøbrøyting i retning naust slik at snø blir liggende inntil vegger på naust. Hvilken vei skal snøen plasseres? Hvordan er brøyting tenkt?</p> <p>Kantstein er nevnt, men ikke hvorfor eller hva man skal oppnå med dette. Hva skal dette være godt for?</p>	<p>Som før nemnt vil drenering og grøftesystem bli vurdert nøye i detaljprosjekteringsfasen, for å sikre naustrekka.</p> <p>Ein gangsti i forkant av nausta som foreslått kan vere ei aktuell løysing som bør vurderast i samband med detaljprosjekteringa av tiltaka, og i samarbeid med nausteigarane.</p> <p>Snøbrøyting kan for eksempel skje med snøfresar, slik at ein fjernar snøen frå naustområde. Nærare avklaring må skje ved driftsavtaleinngåing. Føresegnene sikrar at det blir tatt omsyn til naustrekka.</p> <p>Kantsteinen skaper eit skilje mellom ulike markflater og skal hindre utgliding av dekke.</p>
12	Arne Kjelstadli, merknad av 29.06.23.	<p>Som leietakere av «Pærehagen» i Eidsdal vil vi på det sterkeste protestere mot at campingplassen vil bli nedlagt som en følge av forslaget. Leietakerne i «Pærehagen» vil ved en eventuell nedleggelse av campingplassen, kreve økonomisk vederlag for tilrettelegginger som er utført og betalt av den enkelte leietaker.</p>	<p>Ev. erstatning vil bli avklart når planen er vedtatt, då den er grunnlaget for grunnverv. Planforslaget opnar for moglegheit til reetablering av campingplassen etter at anleggsperioden er over.</p>
13	Sølvi Hellevik, merknad av 29.06.23	<p>Same merknad som Kjelstadli.</p>	
14	Leif Gunnar Aasen, merknad datert 06.07.23	<p>a) <u>Auke i nitrogen</u>: Utslepp til fjorden vil gje auke i nitrogenmengd. Over 50% auke kan gje tilgroing i sjøen og dårlegare tilhøve for fisk o.a. Taren sjøfjør er ein truga art særskild var for nitrogen. Likeså arten kvithornkorall.</p> <p>b) <u>Peridotitt</u>: i fyllmassa er ulovleg, då bergarten inneheld krom og nikkell, svært skadeleg for alt liv. Fyllmassa kan også innehalde asbest, spesielt</p>	<p>a) Dette er nærare vurdert i planomtalen punkt 6.2.</p> <p>b) Innhald i steinmassane vil bli kartlagt, og tiltak for å hindre utslepp av ev. skadeleg stoff vil bli iverksett.</p>

		<p>negativt for tareskogen.</p> <p>c) <u>Bygningar</u>: Opptil 40m høge industribygg kan skade statusen til verdsarvområdet. Aktiviteten i fjellet der vil minne om gruvedrift, noko UNESCO ikkje godtek.</p> <p>d) Kommuna var lovt mange arb.plassar og store inntekter sist det var drift i Raudbergvika. Men det vart lite og inkje av bae delar. Det kan vel vere fåre for det same med oppdrettsanlegget, i alle fall på lang sikt.</p> <p>e) <u>Eidsdal</u>: Miljøet i bygda vert noko forringa med bråk, lys og rasert strandsone ved utfylling i sjø. Det kan bli nedgang i fiske og fugleliv.</p> <p>f) <u>Stiar</u>: Der går ein sti frå sentrum og til <u>Ospahjellen</u>. I Raudbergvika er der fleire gamle vegar, no heldt opne av hjortetrakk: Der er ei rås frå Smoge og til Nonshamaren. Så er det ein setreveg som kryssar seg rett opp frå sjøen og til flatå på Skrenakk.</p>	<p>c) Omfang av bygningsmasse er redusert, og det er sett klare krav til utforming. UNESCO har uttalt at tiltak må innordne seg verdsarvstatusen slik at den ikkje blir forringa. Dei ser helst at det ikkje blir etablert nye tiltak.</p> <p>d) Utbygging vi skje over tid og mange nye arbeidsplassar vil bli etablert både i anleggsfasen og i driftsfasen. Tidlegare gruvedrifta er ikkje samanliknbar med det som no er planlagd.</p> <p>e) Tiltaka i Eidsdal er sterkt redusert, og strandsona blir i stor grad bevart unntatt fellesnausta. I anleggsfasen vil det bli ein del aktivitet og uro, medan det i driftsfasen stort sett vil bli trafikk knytt til arbeidsskifta ved anlegget i Raudbergvika.</p>
15	<p>Wietske og Hendrik Middelveld, Eidsdalsvegen 15, gbnr 73/1 merknad datert 02.07.23</p>	<p>Vi informerer om at vi som grunneigare ikkje har blitt kontakta. Vi stiller derfor spørsmål ved prosessen og det er ikkje gjort avtaler med oss.</p> <p>Vi trekker fram stor usikkerhet kring drikkevann/ ferskvann - Kilstivatnet.</p> <p>Så nemnes det tetttiltak- uklar kva dette vil vere. Og det er uklart kven som har ansvar for kva.</p> <p>Korleis sikres drikkevannskvalitet og mengde - både i utbyggingsfasen og i driftsfase? Kven fører tilsyn og kven har ansvar.</p>	<p>Ev. manglande direktevarsling er beklageleg. Planforslag har blitt varsla i fleire omgangar i aviser og også mykje omtalt i media. Varslinga skal vere ein ekstra sikkerheitsventil ved ev. glipp i direktevarsling.</p> <p>Avtale og forhandlingar om grunnavståing vil første bli aktuelt når reguleringsplanen er godkjend og tiltaket skal realiserast. Arealet av eigedomen 73/1 som blir råka er del av felles utskiftingveg, så langt vi kan sjå av grunnkartet. Jf. utsnitt under.</p>

Det er ønskelig at utbyggar skal kunne garantere betaling av ekstra vedlikehold slik at innbyggere ikkje skal belastes med auka gebyr.


Det stilles dermed store spørsmålstegn om at så kalla fordelene (antatt behov for arbeidskraft, tilflytting--) som er til dels basert på antakelser-veier opp mot miljømessige risikoer, slik som drikkevann mm , som ikkje er godt nok sikret.

Fra ROS analyse: I Eidsdal må det utarbeidas støyvurdering og ev. tiltak for å minimere ulemper for nærliggende bustadar anleggsfasen. Planen utarbeides av Nordplan. Vi kan ikkje se at dette har blitt gjort, men om det foreligger ein slik plan eller foreløpig plan- ber vi om å få dette tilsendt.

Som grunneigare ber vi om at tilkomst til skogen over anlegget vert ivaretatt. Dagens tilkomst vert utilgjengelig slik utbygginga er tenkt. Vi ber derfor om at Hofseth etablerer driftsveg over anlegget.

Det kan hende at det står beskrevet konkret nok noen plass, men vi lurar på kven som skal være ansvarlig viss det oppstår noe som f.eks skade på vår eigendom, (se vår første brev) eller viss det viser at drikkevatt er i fare, eller kvaliteten av drikkevannet står i fare eller viss andre miljøproblemer eller når ulykker oppstår. Kven har ansvar for tilsyn både i byggefasen og driftsfase.

Vi meiner at prosjektet ikkje bør gjennomføres fordi det er for omfattande, konsekvensar for omgivelsene er usikker, og ansvarsforhold ikkje er tilstrekkelig eller tydelig nok.



Usikkerheit omkring Kilstivatnet er avklart jf. planomtale punkt. 6.3.3.

Kommunen har ansvar for å gi byggeløyve. Utbyggar vil gjennom byggesaka bli pålagt kontroll og melding om resultat til vassverk og Mattilsynet som er kontrollorgan for vassforsyning.

Ev. ulemper og skader som måtte bli påført vassverket under utbygging av planlagt oppdrettsanlegg vil måtte erstattast av utbyggar.

Det er kommunen lokalt og statsforvaltar ev. departement som til slutt skal vekte fordelar og ulemper med tiltaka og avgjere om det skal bli gitt løyve.

Det er ikkje utarbeidd støyanalyse knytt til anleggsperioden enno. Slik analyse må utarbeidast av utbyggar, og skal ligge føre ved byggesaksbehandling. Byggesak skal nabovarslast og i den samanheng vil dykk som nabo bli varsla og informert.

Skogen ovanfor tunnepåhogget er verneskog og skal bevarast. Tilkost til utmarksteigar må vurderast i samband med detaljprosjektering.

Ev. skade på eigedom under utbyggingsfasen er utbyggars ansvar.